

NR. 7.

SEPTEMBER 1981

14. ÅRGANG

Namnet skrive i Himmelen!

«Gled dykk ikkje over at åndene lyder dykk, men gled dykk over at namna dykkar er skrivne i himmelen!» Luk. 10.20.

Her talar Jesus konkret til deg som er frelst. For kva er større enn nettopp det å ha namnet oppskrive i himmelen, å få eiga den vissa og tryggleik om at livsdagen brått skulle verta slutt her, så står Gud ved den «himnalske inngangsdør» og helsar deg velkomen heim.

Visst er det stort at Gud høyrer bøn både om helbreiding frå sjukdom, hjelp i vanskar, ja alt du ber om i hans namn. Men det største for deg som kristen må vera – og er vel det – at namnet ditt ER skrive i himmelen? La din takk gå til Gud for hans uendelege nåde mot deg.

Mang ein ting kan vera med å laga skugge over tilværet: rastløyse, økonomi, familieproblem o.a. Mange ting kan vera av ei slik smerte at du spør deg om kristennamnet er rett å bera. Har du mislukkast som kristen? Gleda er borte.

framh. s. 2

Nye medarbeidarar

I Arna kyrkjelyd har vi fått nokre nye medarbeidarar i haust. Den nye menighetsleven vår heiter Valborg Natvig, og er frå Hauge-sund. Ho startar 1. september, så vi må komma tilbake med nærare presentasjon av henne i neste nummer.

Så ynskjer vi velkommen fire nye arbeidarar i Dagheimen. Det er førskulelærer Ingunn Myrliid, praktikantane Bente Eimind, Anne Kari Jacobsen og Anne Berit Runningen.



Bak frå venstre: Vivi-Ann Hals (styrar), Margun Eide og Ingunn Myrliid (avdelingsleiarar), Aud Oen (kokke). Framme frå venstre: Bente Eimind, Anne Berit Runningen og Anne Kari Jacobsen (praktikantar), Anne-Karin Vågenes (barnepleiar).

Gutar og jenter i Ytre Arna!

Er du over 10 år og interessert i å vera med i eit kor, kan du møta i Ytre Arna kyrkje onsdag kl. 18.00. Vi skal øva ein gong i veka, og dag og tid skal vi avgjera ved første fram møte. Øvingane vert i kyrkja, som er eit triveleg og godt rom å syngja i.

Det vert ikkje nokor opptaksprøve, men vi reknar den første tida som ei aspiranttid.

Siri Brunvoll
organist

Guttekor i Arna kyrkje

Tysdag 8. september kl. 17 startar vi opp med guttekor i Indre Arna. Dette er eit tilbod for gutar frå 3. klasse og opp mot Ten-Singalderen. Ein del av tilbodet er undervisning i notekunnskap, blokkfløyte, piano og orgel på nybegynnarstadium for dei av gutane som er interesserte. Undervisninga er kostnadsfri for dei som er medlem av guttekolet. Ein vil i fyrste omgang ta sikte på to aspirantgrupper kvar tysdag og torsdag med øving ein klokke time kvar gong. Organist Paul Leithaug vil vera hovedleiar og stå for det meste av undervisninga. Han svarar gjerne på spørsmål frå interesserte foreldre, ta difor snarast kontakt med kyrkjekontoret.


frå side 1

Det kan vera mang ein grunn til at du er komen i den situasjonen du er. Slå

opp Bibelen og les Johs. 3.16. Du veit kva det står der, men finn verset fram likevel. Les samstundes Matt. 11.28 — og gå inn for Guds ansikt på ny, for Jesu skuld. Der er tilgjeving og hjelp å finna. Gled deg så over at ditt namn er oppskrive i himmelen.

Tormod Hanstveit

Kyrkjelydsskule i Arna



Når vi høyrer ordet **skule**, tenkjer vi kanskje på lekser, høyring og karakterar. No er vi i ferd med å få eit nytt omgrep i kyrkjelydane våre: Kyrkjelydsskule. Som namnet fortel, er det ein skule i kyrkjelyden. Men dette er noko anna enn «den gamle skulen». Det er heller ikkje tenkt på vanlege kristendomstimar eller konfirmantundervisning.

Kyrkjelydsskulen vil vera eit ope undervisningstilbod for vaksne, med vekt på samtale og fellesskap. Det er etter kvart mange kyrkjelydar rundt om i landet som har starta opp med kyrkjelydsskule, og vi trur at behovet er til stades også hos oss.

Kyrkjelydsskulen har som mål å

- vera med å klargjera det sentrale innhaldet i den kristne trua,
- gje hjelp til større kunnskap om og djupare innsikt i den kristne trua og det kristne livet,
- leggja til rette for åndeleg modning og vekst, og utrusta til kristen teneste,

til side 6

Start for søndagsskulen

Søndagsskulane i Arna tek no til att etter ferien, og dei ynskjer tidlegare og nye «elevar» velkomne.

Det er søndagsskule desse stadene:

Ytre Arna	bedehuset
Haugland	bedehuset
Indre Arna	bedehuset
Arnatveit	Salen
Fjellgardane	Bjørndalen g. skule
Hauge	«Betania», Lone
Haukeland	grendahuset
Liatun	Stølsv. 98

Romslo	skulehuset
Seimsmark	Garnes barneskule
Takvam	kapellet
Trengereid	bedehuset
Tunes	bedehuset
Unneland	bedehuset
Ådnamarka	Stølsv. 94

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men ein-skilde stader er det annakvar.

SJÅ ETTER OPPSLAG DER DU BUR!

Ny dåpsliturgi

Vi er inne i ei tid då liturgiane for kyrkja vår er under omarbeiding. Vi har alt lenge nytta den nye høgmesseliturgien som er godt motteken av dei fleste. I summar har vi fått ny liturgi til bruk ved gravferd, dåp og konfirmasjon. Liturgien for gravferd er omtala under «Presten har ordet». Vi vil og nemne litt om den nye dåpsliturgien.

Dåpsansvaret har vore mykje drøfta i det siste, og dette kjem naturleg nok til uttrykk i den nye liturgien. Ansvarer som kviler på foreldre og fadrar for at borna skal få opplæring i kristen tru, vert sterkt framheva. Samstundes er det lagt vekt på at dette ansvaret også er heile kyrkjelyden si sak.

Ein del har den oppfatning at borna får namn i dåpen. Vi merkar oss at presten no spør etter namnet på barnet tidlegare i dåpshandlinga enn før og namnet vert ikkje knytta direkte saman med sjølve dåpshandlinga. På den måten vil ein prøve å hindre den mistydinga at dåpen er ein namngjevingsseremoni.

Elles kan vi nemne at det vert sagt i dei innleiande merknadane at «foreldre og fadrar tek plass i kyrkja før gudstenesta tek til — bortsett frå den som ber barnet», slik vi alt har praktisert det i Arna. Når dåpen skal ta til, vert borna borte inn i kyrkja og alle vert ynskt velkomne før vi syng dåpssalmen. Dåpsluva skal no takast av barnet før det vert borte fram til døypefonten, så det trengst ikkje lenger nokon som spesielt har ansvaret for «å ta luva», som det heiter.

Målet med den nye ordninga er at dåpen skal gje meir mening både for dei som har dåp og for kyrkjelyden. Ansvarer for borna som vert døypte er den viktigaste oppgåva vi har som kyrkje.

Kveldsgudsteneste med dåp

Det er ein del som ynskjer dåp ein kvardag, og vi kjem difor framleis til å ha nokre kveldsgudstenester med høve til dåp. Den første vert onsdag den 16. september kl. 19.00 i Arna kyrkje.

Familieside

DØYPTE:

Arna sokn:

10/4: Jannicke Ramsdal, døypt i Birkeland.

26/4: Randi Elisabeth Skulstad Heggheim, døypt i Birkeland.

24/5: Nina Nygård.

28/5: Cecilie Hege Indrearnen, Anne Kristin Minde, Eyvor Skogesal, døypt i Fana.

31/5: Erlend Markhus.

7/6: Petter Thunes Hope, Arild Bulterud Rød.

8/6: Geir Godø, døypt i Birkeland.

14/6: Kenneth André Nyheim, Vidar Heimset, Kristine Høysæter, Jannicke Kleiveland.

21/6: Christer Holthe, Arild Nesse, Cathinca Johanne Brendsdal Bakke, døypt i Birkeland, Karl Jaran Brekke, døypt i Bekkjarkvik.

5/7: Kristian Wattø Rolland, Helge Rosvold, Ørjan Hauge, Erlend Bjørgås Hagen, Jørgen Mjelde, døypt i Vår Frelses Kirke, Haugesund, Knut-Inge Løset Bøe, døypt i Birkeland.

12/7: Monica Lothe, døypt i Ytre Arna.

19/7: Toril Fjærtøft Lohne.

Ytre Arna sokn:

31/5: Elise Janson, døypt i Arna.

14/6: Siv Marie Lien, Geir Einar Bekkenes, Aleksandra Solberg Lien, døypt i Arna.

21/6: Irene Langhelle, Kenneth Litsheim.

28/6: Lena Andersen, døypt i Arna.

VIGDE:

Arna sokn:

30/5: Hans Alfred Hartvik Unneland og Ritha Diana Sachariassen.

5/6: Helge Bjarne Pedersen og

Elisabeth Høgelid.

13/6: Jonny Skjelvik og Anne Lise Fjelde.

19/6: Ola Hafsås og Marianne Leiknes.

20/6: Trond Løvaas og Ingunn Havre.

20/6: Oddmund Larsen og Elisabeth Thunæs, vigde i Ådland kyrkje.

27/6: Oddvin Nautvik og Kjellaug Tvedt.

27/6: Jan Ove Nettet og Elin Fjeldtvedt.

27/6: Roald Vatile og Nora Steffensen.

4/7: Trond Kleiveland og Anne Kari Stephansen.

10/7: Øystein Helle og Åse-Karin Unneland.

11/7: Dagfinn Skjoldal og Ellinor Jakobsen.

11/7: Steinar Magne Vågane og Gerd Kjersti Ytre-Arne.

24/7: Søren Anaton Larsen og Anne-Marie Sulen, vigde i Sør-Aurdal.

Ytre Arna sokn

27/6: Stig Rune Skogly og Inga Sissel Nesheim

ARNA SOKN: DØDE:

12/5: Trygve Thorsen f. 1911.

17/5: Stefina Reknes f. 1912.

18/6: Ingvald Johan Bringne f. 1899.

28/6: Thomas Michael Ytrearne f. 1981.

4/7: Sigurd Stalheim f. 1893.

5/7: Cesilie Skulstad f. 1906.

23/7: Gustav Liland, f. 1913.

31/7: Hilmar Trygve Nysæther f. 1909.

Ytre Arna sokn:

19/6: William Charles Williamsen f. 1896.

23/6: Ingolf Kronen f. 1902.

7/7: Anna Kalsås f. 1906.

8/7: Hildur Gjerstad f. 1921.

9/7: Olga Karoline Nilsen f. 1905.

Presten har ordet



Harald Sundsbø

Ny ordning for gravferd

Dette året har det vorte vedteke nye ordningar for fleire av dei kyrkjelege handlingane. Det heng saman med revisjonen av Altarboka — det som også gjorde at vi fekk ny liturgi for høgmessa for nokre år sidan.

Den nye ordninga for gravferd vil vi ta i bruk her i prestegjeldet med det første. Samanlikna med den gamle er det fleire ting som skil seg ut.

Før gravferd vert det ringt med kyrkjeklokkene. Kranpålegging / minneord har før kome til slutt etter siste salmen. No vert det flytta fram slik at det kjem rett etter første salmen — altså før skriftlesinga og talen.

Den nye ordninga gjev høve til å velja mellom fleire ulike bibelord ved skriftlesinga. Bibelorda som vert lesne, har også dels fått endra språkdrakt og dels vorte bytte ut med andre skriftord.

Ved grava er det lite endringar frå den ordninga som var før med unntak av ein ting som kanskje for mange er svært kjenslefyllt: senking av båra. Hovudregelen vert no at båra vert senka heilt ned i grava.

I dei seinare åra etter ein tok i bruk senkeapparat på gravplassane, har det mange stader — også her i Arna — vorte vanleg å berre senka båra litt.

Det vart truleg gjort ut frå tan-

ken om kanskje å spara dei næraste litt i ei tung stund.

Når den nye ordninga no legg vekt på at båra skal senkast heilt ned, er det ikkje for å leggja stein til båra for nokon. Men det er ut frå ei erkjenning at ein ved å la vera å senka båra eigentleg gjer dei syrgjande ei bjørneteneste. Sorg er ein naturleg reaksjon som ein ikkje skal fortreggja. Det er ein prosess ein må leva seg gjennom — kor vondt det enn er.

Om ein ikkje gjer det, får ein det ein kallar «opphengt sorgreaksjon» som kan gje utslag i ulike psykiske vanskar. I første rekkje er det såleis psykologiske årsaker som ligg til grunn for at dette vert innført att. Det er betre å få reaksjonen med det same enn at den kjem att på andre måtar seinare.

Ved kremasjon vert hovudregelen også at ein enten senkar båra heilt ned, eller ber den ut. Dette for å understreka at det er den døde som forlet oss. Ved kremasjon frå kyrkjene her vert difor no ikkje båra ståande att i kyrkja, men ein ber den ut som ved vanleg gravferd.

Frå sokneråda

YTRE ARNA

— Soknerådet har kjøpt inn ein del småbord til Kyrkjelydshuset. Dei vert lettare å bruka under samlingar og ved konfirmantundervisning.

— «Ny Horisont» til konfirmantane. Soknerådet vil også dette året betala 1/2-årsabonnement for Ungdomsmagasinet «Ny Horisont» til alle konfirmantane.

frå side 2

— gje hjelp til å leva i kyrkjelyd, heim og samfunn.

Symbolet understrekar dette: **Kunnskap om det sentrale (korset)**

— hjelp til å leva (vegvisar).

Tidlegare har vi også hatt ulike former for undervisning i kyrkjelydane. Men kyrkjelydsskulen vil no danne ei fast råde rundt den kyrkjelege vaksenundervisninga.

Sokneråda har oppnemnt eit felles styre for kyrkjelydsskulen i Arna prestegjeld, og vi reknar med å koma i gang med eit opplegg seinare på hausten. Dette er eit forsøk hos oss. Men vi vonar at den kristne vaksenopplæringa får ein fast plass i kyrkjelydane våre og at «skulen» etter kvart kan koma med ulike tilbod om kurs, studiegrupper o.l. — Så følg med!

M. Sandvik

21. - 26. september: SPEIDARJOBBER

I år skal speidarane støtta eit prosjekt som Redd Barna har starta i slummen i ein bydel i Addis Abeba, for å betra tilhøva for dei 4,200 innbyggjarane der.

Ved å gjera småjobbar skal 50.000 speidarar i Norge samla inn pengar slik at prosjektet kan gjennomførast.

Også i år skal jentespeidarane i Arna vera med på speidarjobben. For dei eldste jentene er ein svært interessert i jobbar på fabrikkar, institusjonar o.l.

Vend dykk til Margit Boge, tlf. 24 19 34.

Treng du hjelp til hausting, sølv-puss, bilvask, barnepass, lettare husarbeid etc. - ta kontakt med speidarane - dei tar gjerne jobben!

6

OFRINGANE I KYRKJELYDANE

Arna:

28/5: Kr. Kringkastingslag 1.102,-
7/6: Nordhordl. Indremisj. 2.262,-

10/6: Menighetsfakultetet og Ungdomsforbundet 3.271,-

14/6: Kyrkjelydsarbeidet 929,-
21/6: Misjon bak jernteppet 1.726,-

28/6: Norsk Gideon kr. 882,-
5/7: Prostrådet 1.448,-
19/7: Kyrkjelydsarbeidet 570,-
2/8: Misjonsselskapet 2.159,-

Ytre Arna:

24/5: IKO 471,-
28/5: Kvite Band 492,-
7/6: Nordhordl. Indrem. 927,-
28/6: Muslimmisjonen 702,-
12/7: Bibelskulen 760,-
2/8: Misjonsselskapet 1.050,-



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
GARTNERI**

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
oppsatt.

ARNA SPAREBANK
Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.

ALLE VET
at vi selger nyere utvalgte
vogner. Prøv hos oss De og-
så. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning
ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Kveivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

7

Velkommen til kyrkje



6. sept.:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Nattverd. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Haukeland kl. 18.00: Familiegudsteneste ved sokneprest Øy.

13. sept.:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Konf.presentation. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved sokneprest Øy. Konf. presentation.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt.

Takvam kl. 16.30: Krinssekr. Magne Grønlien.

20. sept.:

Arna kl. 11.00: Døveprest Asgeir Straume. Nattverd. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.

Arna kl. 18.00: Helle kyrkjelyden syng.

Ytre Arna kl. 11.00: Akademilektor Arve Brunvoll.

Trengereid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Konf.presentation. Offer til Santalmisjonen.

27. sept.:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Offer til Modum Bad Nervesanatorium. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta. Kyrkjekaffi.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 – 11.30

Torsdag kl. 17.30 – 19.00

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag 17.00 – 18.00 og fredag 09.00 – 10.00

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle,
Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 8, 10. sept.